

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## 9. søndag i treeiningstida – 2. august 2020

Preiketekst: Rom. 8, 31-39

Lesetekst I: Hos. 6, 1-3

Lesetekst II: Matt. 11, 28-30

## Guds gåve i evangeliet

### Søndagens karakter

Vi har tre tekster for denne søndagen som alle understrekar sterkt kor rik og stor Guds gåve er til oss i evangeliet. Rett nok opplevde Israel, slik profeten Hosea skriv, at Gud brukte tukt for at dei skulle snu seg vekk frå avgudsdyrking og synd, men målet var alltid at dei skulle vende seg til Gud og hans frelse. Dette seier profeten med ord som seinare blir knytt til det endelege håpet i Jesu oppstode. Rett nok kallar Jesus oss til å bere hans åk, jamvel krossen hans, men alle dei børene som blei lagt på Jesus kors, skal vi få legge av hos han og få kvile og fred i forholdet vårt til Gud. På same måten skal vi sjå at Paulus argumenterer i Rom 8 at trass i opplevinga av ein vesentleg motstand mot trua på Jesus, bleiknar alt mot den frelsa og den seieren som han garanterer for.

### Om teksta

Teksta avsluttar apostelen si mektige undervisning om Guds frelse, om rettferda ved tru, for jøde først og så for grekar, som Paulus seier igjen og igjen i dette brevet. No går det ikkje noko vasstett skott mellom kapittel 8 og 9. Tvert om er der ein djup samanheng. Lova som frelsesveg er i Kristus uttrykkeleg avslørt som nyttelaus, men Paulus har vist oss at Gud aldri såg for seg frelse på den vegen. Trua si pakt med Abraham gjekk føre lovpakta ved Moses, og alt får si oppfylling i den frelsa som Jesus Messias fullførte.

Når Paulus avsluttar si lange framstilling av denne frelsa, hamnar han i ei slags tilbeding, i ei opphøgd tale om Guds frelsesmakt. Dei særlege spørsmåla om Israel som kjem i kapittel 9-11, er heilt nødvendige for at ingen skal få tankar om at Gud har svikta det kallet og den nådens gåve som han gav særleg til dette folket. Kva ville det gjere med vissa i vår eiga frelse, slik Paulus understrekar det i vår tekst? Vi ser kor Guds vegar blir ført saman på ein måte som stadfestar alle dei løfta som han gav, og om kapittel 8 hamnar i tilbedande tale, avsluttar ikkje kapittel 11 noko svakare. Tilbedinga i 11, 33-36 femnar vel strengt tala alt som er skrive om Guds frelseplan, for jøde først og så for grekar. Rom 9-11 høyrer nøe saman med den store drøftinga av frelsa som Paulus har ført oss inn i.

Store delar av kapittel 8 handlar om det nye livet i Anden. Knappt noko avsnitt i Bibelen omhandlar dette på ein sterkare måte. Andre halvdel av kapitlet peikar framover mot håpet og nyskapinga. Paulus konstaterer at livet og verda slik det er no, er forgjengeleg. Jamvel vi som har Anden, er prega av det, men Anden kjem oss til hjelp i denne maktløysa.

Frå vers 28 innleier vel eigentleg Paulus avslutninga med ei oppsummering av alt som vi har i Jesus. På denne bakgrunnen kjem så spørsmålet om Paulus har stilt fleire gongar før i kapittel 6 og 7: «Kva så?» eller: «Kva skal då vi seie?», følgt opp av eit innhaldsspørsmål. Dei andre gongane (6, 1f. 15f; 7, 7f) svarar han eksplisitt på desse spørsmåla med eit: «Slett ikkje!». Komposisjonen er 1. Kva skal vi seie? 2. Eit retorisk ja/nei spørsmål. 3. «Slett ikkje!». 4. Det forklarande svaret.

I vår tekst stiller han ikkje eit ja/nei spørsmål, men dette: «Er Gud for oss, kven kan då vere mot oss?» Spørsmålet er reelt, og vi kan vel eigentleg kome på ganske mange og ganske mykje. Nedover i versa ser vi at Paulus også er fullt klar over dette. Han hadde sjølv erfart alt saman, frå samvitets skuldingar og den indre fordømminga til ytre motstand og fiendskap mot trua. Svaret hans er likevel overtydeleg: Ingenting kan skilje oss. Ikkje fordi Paulus sitt grep er så sterkt, men fordi Guds grep held fast.

Alt dette kviler i v. 32: «Han som ikkje sparte sin eigen Son, men gav han for oss alle, kan han anna enn gi oss alle ting med han?» Han grip tilbake til brevets hovudtema om han som gav seg sjølv for oss. Det er grunn til å minne om den store rikdommen i «det salige byttet», som Luther kalte det. Han gav oss alt sitt ved å ta på seg alt vårt. Mine synder blei hans. Hans rettferd blei mi.

Vers 37 gir oss eit herleg ord på gresk, hypernikao. Nikao betyr å vinne. Hyper betyr over. Men ordet betyr ikkje overvinne. Vi er nærare «utklassing» eller «kalasseier». Ingen over, ingen ved sida. Jesus seier over synd, død og djevel er komplett. Vi har denne seieren med han og i han. Som Jesus må vi rekne med motkreftene, men dei herjar på lånt tid, dei handlar i desperasjon. Når Gud har gjort alt til vår frelse, slik Paulus har gjort grundig greie for i dette brevet, aktar han ikkje å sleppe taket.

Ingenting kan skilje oss frå Guds kjærleik i Kristus Messias, vår Herre. Denne avslutningssetninga har ei slags vedkjenningsform, knytt til den første enkle kristne vedkjenninga: Jesus Messias er Herre! Merk også at Guds kjærleik ikkje er ukvalifisert som om han berre overser eller glattar over fordi han er så glad i oss. Nei, Guds kjærelse kjenner vi «i Kristus Jesus, vår Herre». Han elska så høgt at han gav Son sin, den einborne, for at det ikkje skulle gå med oss som det naturleg ville i vår synd og gudsmotstand; at vi går fortapt. Alt vi har og eig, har vi i Han, og der er vi evig trygge.

## **Om preika**

Sidan første verset viser til eit «dette» og kva vi skal seie om det, må preika denne søndagen gjere eit forsøk på å sette teksta inn i den større samanhengen. Kva er «dette» som det må seiast noko til? Her bør predikanten dra nokre større linjer i brevet, elles vil teksta henge i lufta.

Det er spent ein boge gjennom teksta vår, frå v. 32 om å eige alle ting med Han til v. 39 om aldri å kunne skiljast frå Guds kjærleik. Om vi lar disposisjonen følgje teksta, kunne den sjå slik ut:

1. Kva skal vi seie til «dette»? Om dei store linjene i brevet.
2. Gitt for oss alle
3. Frikjent frå alle skuldingar
4. Seier over alle motkrefter
5. Trygg i Guds kjærleik

**Rolf Kjøde**

Høgskolelektor, NLA Høgskolen

[rolf.kjode@nla.no](mailto:rolf.kjode@nla.no)